

Til møtedeltakarane

## Referat frå møte «Forum Fensfjorden»

Møtet vart halde på kommunehuset i Austrheim den 15. januar 2015.

Til stades var:

Karstein Totland, ordførar i Masfjorden og Sveinung Toft, ass, rådmann i Masfjorden. Per Lerøy, ordførar i Austrheim, Rolf Henning Myrmel og Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiarar i Austrheim. Vidar Bråthen, rådmann i Fedje. May Eva Sandvik, varaordførar i Lindås og Christian Hagerup Reinshol, planleggjar i Lindås. Arild Bjørnevoll, Statoil ASA og Jan Helge Svedhaug, hamnekaptein på Mongstad. Gulen kommune vart forhindra frå å møte, men ordførar Hallavard Oppedal hadde informert Totland at dei ville vera med her.

**Drøfting:**

Det vart drøfta omkring bordet kva eit Forum Fensfjorden skulle arbeida med og korleis det skulle organiserast. Det vart vist til kva som stod i saka vedrørande «*Interkommunal plan for Fensfjorden*». Utvalet må arbeida med samordning og drøfting av uttalar, næringsutvikling, infrastruktur og ta stilling til utsleppsaker, beredskap, akutte hendingar og miljø. Fokuset må vera å halda på ein god miljøtilstand i Fensfjorden. Dette var det god semje om.

**Konklusjonar frå møtet:**

De vart avgjort at det skulle lagast eit politisk utval der ordførarar frå dei fem kommunane skulle delta. Dei skulle ha ein sekretær. Utvalet skal heite, **Fensfjordutvalet**. Dette vert såleis eit ordførarutval frå dei fem kommunane omkring Fensfjorden. Då står ein sterkare utad i saker som gjeld Fensfjorden.

Sekretær vart Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune. Dette sekretærarbeide kan rullera i kommunane.

Fensfjordutvalet skal vera eit rådgjevande utval, men det er viktig at det vert sett og høyrte. Ordførarane vel ein leiar. Sekretæren kallar inn dei fem ordførarane så fort som praktisk mogeleg.

Fensfjordutvalet tek stilling til om ein skal etablera ei referansegruppe frå administrasjonen i kommunane og /eller næringslivet m.m. som kan arbeida og drøfta problemstillingar knytt til Fensfjorden. Det er uansett viktig med tett dialog og god kommunikasjon mellom kommunane framover. Det gjeld i ulike nivå i kommunane.

### **Litt informasjon:**

Beredskap har eit samarbeid formelt og praktisk i dag gjennom IUA. Dette handlar mykje om oljevern.

Hamnekaptein Jan Helge Svedhaug informerte om sitt arbeid og om utfordringar omkring Mongstad og om det som måtte gjerast i samband med orkanen Nina. PÅ det meste blåste det 85 knop på Mongstad den 10.01.2015.

Arild Bjørnevoll informerte om massehandteringsproblematikk på Mongstad.

Rolf Henning Myrmel informerte om korleis havbruksverksemda Lerøy kartlegg havbotn før ilar vert plassert frå sine havbruksanlegg. Dette for å unngå gnag og andre problem knytt til fortøyingar av havbruksanlegg.

Det vart opplyst om havbruksanlegg som ryk eller som vert øydelagt under stormar og orkanar. Dette er ein utfordring i Fensfjorden nesten kvart år, fortalde Totland.

Per Lerøy opplyste om møtet med Norsk Industri Gjennvinning andre veke i januar 2015 som tok opp utsleppssøknadar og deira planar framover.

### **Framdrift vidare:**

Møtelyden var positiv til at det vart laga ei politisk sak til dei fem kommunane omkring Fensfjorden med det første om etablering av Fensfjordutvalet.

Sekretær lagar eit forslag som vert sendt ut til alle som deltok på møtet med frist for tilbakemelding. Sluttoproduktet vert deretter sendt over til kommunane for politisk handsaming.

*Asbjørn Nagell Toft (referatskrivar)*